

# LEKMANNSMISJONEN

Oppbyggeleg blad utgjeve av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Prøvenummer

DESEMBER

1964

## Sjå eg forkynner dykk ei stor gleda

«Men engelen sa til dei: Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor gleda, som skal timast alt folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by, han er Kristus, Herren!»

Alle menneske går ikring og stundar etter giede. Det er slik fordi me alle er skapte til å vera glade. Men den verkelege gleda — ja endå til evna til å sjå kva som er verkeleg glede — den miste me i syndefallet. Difor famlar menneska ikring i eit fåfengt og umetande jag etter gleder, jagar etter fornøyelsar, timeleg rikdom, makt og æra, alt for å finna så mange gleder som råd er. Men gledehungeren i hjarta vert ikkje stilla av noko slikt. Kjenner du denne hungeren som les desse linene no? Då kjem ordet her med ein herleg bodskap nett til deg: «Sjå eg forkynner dykk ei stor glede, — som skal timast alt folket!»

Kan henda tenkjer du like fullt at dette er likevel ikkje noko for deg. Nei, dei kristne ser no slett ikkje så glade ut at det gjer noko. Og forresten har du kanskje prøvd å vera ein kristen du og, men du fann korkje glede eller fred ved det — so det nyttar ikkje for deg! Du — slik tenkjer du fordi du aldri har sett og smaka den

gleda som engelen her tala om. Her er det ikkje tale om ei glede som menneska får fordi dei omvender seg, eller fordi dei får til å leva som kristne. Då ville frelsa og gleda vera noko me skulle få etter fortene. Men innhaldet av og grunnen til denne gleda er at *ein frelsar er oss fødd*. Og ein frelsar treng i grunnen berre dei som er komne så langt mot undergangen at dei inga von har om å berga seg sjølv. Ein som til dømes ligg medvitslaus midt ute på havet, han må ha ein frelsar utanom seg, om han skal koma levande frå det. Like färleg og like hjelpe lever kvart menneske som er utan samfunn med Gud, livet sitt, seier Bibelen. Alle har synda og vantar æra hjå Gud. Alle er under domen og vreiden, på grunn av synda. Og alle er av naturen døde i synda, so dei ser ikkje kva stilling dei er i. Om dei har byrja å sjå fordi Gud har vekt dei opp, so har dei inga råd med å redda seg sjølv — for berre den som er fullkommen rein og heilag for Gud, kan gå fri dødsdomen og få samfunn med Gud. Og det er umogeleg fordi alle er syndarar av hjarta og natur — og kan soleis berre fortuna straff og dom.

Men her er det Gud har sendt ein frelsar til heile ætta av syndarar — sin

eigen son. Han som vart fødd i Betlehem ei julenatt for snart to tusen år siden, han vart send av Gud som vår forsonar og stedfortredar.

Han vart menneske forat Gud kunne gjera med han, slik han etter si rettferd skulle ha stelt med oss. Frå vogga til grav levde han livet i fullkommen lydnad mot Guds lov og vilje, slik me skulle, men ikkje kunne. Og han levde det fullkomne livet i vår stad, so me ved hans rettferd kan stå rettferdige for Gud. (II Kor. 5, 21). All verdens syndeskuld og straffa vart lagd på han for at me skulle gå fri skulda og straffa, og arva evig liv, ved det han gjorde. Alt det han gjorde i vår stad har Gud teke godt nok, som var det gjort av oss, og lova alle frelse, som kjem til trua på han.

Men korleis kjem me så til sann tru på Jesus? Ikkje ved å vera og gjera, men ved å høyra og sjå. Difor seier og ordet her: «*Sjå eg forkynner dykk ei stor gleda!*» Mange som sokte frelsa

i Jesus, fann ikkje fram, fordi dei rekna med noko dei sjølv måtte oppfylla, før dei kunne få Jesus og frelsa i han.

Men frelsa i Jesus er gjord ferdig for ugudelege, for syndarar, for slike som ikkje kan fortena noko anna enn dom og straff, og må ha ei frelsa som er heilt ufortent og av nåde! Der du byrar sjå at du er ein av desse som ikkje kan anna enn å vera syndig og ugudeleg — der seier ordet at Jesus er ein stedfortredar nett for slike som deg. Han er fridomsbrevet som syner at skulda di er betalt, han er di rettferd inne for ein heilag Gud, han er alt det du treng til frelsa for tid og æva! Der dette vert openberra for hjarta ditt, der eig du frelsa, freden og gleda. Der er du sael ved trua på Jesus. Høyr, det er ditt, det englane syng om! Høyr på nytt og på nytt! Høyr og lev! Då vert frelsaren di gleda! Då eig du han i og med lovnaden, og du er salig dag for dag!

G. Hj.

## F R E D

Det er ein songar som syng: «Fred det er eit fagert ord, for det hjarta som på jord sårt i strid må sukka». Englane song og julenatta om fred på jorda og om hugnad med menneska, men likevel veit me at ogso i år er det mange som må høgtida fredsfyrsten si koma til jorda utan fred i hjarta og i heim. Kanskje du som les dette er ein av dei som går bunden, fredlaus, lidande og lengtande midt i jula si ytre gleda, for synda har fått makta, og Guds fred den kjenner du ikkje. Kanskje du er ein av dei mange ulukkelege der kong Alko-

hol rår i heimen, eller der synda har skilt far og mor, og drive kjærleik og fred bort frå hjarta og heimen. Eller misnøye og det bitre fyller hjarta, slik at sut og klage blir dagleg kost. Her kan nok du leggja til andre ting som for deg er årsak til uro og ufred i hjarta ditt, og som gjer at du går og lengtar og søker etter fred. Kanskje du har sokt fred lenge utan å finna, og enno spør korleis skal eg finna fred og kvila for sjela?

Men ogso i våre kristne heimar og forsamlingar ferdast det mange fred-

lause, som lever under loven. Er du av dei som er fanga der, då vert kristenlivet ei tung bør og krava og plikte ne vert fleire enn du maktar.

Kven du er, og korleis du enn har det, so er det ingen andre enn Jesus som kan hjelpa deg. Guds ord seier at det finst ikkje noko anna namn under himmelen som me kan bli frelseste ved. Jesus seier sjølv i Johs. 14, 27: «Fred etterlet eg dykk, min fred gjev eg dykk, Eg gjev dykk ikkje fred på den måten verda gjer det —.» Her ser me at båe verda og Jesus gjev sjela fred, men på kvar sin måte.

Verda sin veg er å løyna synda — og kanskje du har klart det for menneske — men du kan ikkje løyna henne for Gud. Det er årsaka til at «Den som løyner si synd, han finn inga lukke.» Verda sin veg til fred er også å bortfor- klara Guds ord, forfalska Guds ord, el- ler å prøva få det bort frå heim og skule, for det skaper «skuldkjensle og kom- pleks» hjå dei unge.

Men dei aller fleste menneske sökjer fred ved å halda seg borte frå alt Guds ord og frå Guds folk, og det er den sik- raste vegen til fortapinga. Men du som lever som ein kristen, men uten fred og kvile for sjela, du har til mål å kunna bli slik — og leva slik — at det ikkje er noko som dømer deg, då trur du at du skal få fred. «Er din tro og kjærligheit grunn for sjælens håp om redning, O, se det er dødens fred. Mange sjælens hunger metter med sitt eget bedrings verk. Lykkes det, da skal du merke, ingen er så sterk som de. Om de ei er alltid trygge, finner de dog fred og ro. Da de på fremtiden bygge, og sin leng- sel kaller tro.» Desse og mange andre er verda sine vegar til å sökja fred, og mange finn verda sin fred like inn i

døden og fortapinga.

Men Jesus gjev deg ikkje fred på den måten som verda gjer det. Han gjev deg *sin fred*, han etterlet deg fred. «Vil du fred i sjælen få, fest ditt øye på Jesus.» Det står i Efes. 2, at *Jesus er vår fred* fordi han *gjorde fred*. Jesus tok ikkje synda bort i frå verda, heller ikkje bort frå menneskenaturen, men han tok synda bort frå Gud då han so- na slekta si synd på krossen. Ved sin lekam forlikte han oss med Gud, og reiv ned gjerdet eller skiljeveggen mel- lem oss og Gud, då han slo fiendskapen ihel. Ved sitt kjøt avlyste han den lo- va som kom med bod og fyresegner, so han ved seg sjølv kunne skapa oss til eit nytt menneske, med di han gjorde fred. Han kom — og han kjem idag — og forkynner fred for dykk som er langt borte, og fred for dei som er nær.

So freden er ferdig, og han er å finna i Jesus. Og mi fredspakt skal ikkje verta rikka», seier Herren. Fredens evangelium er ein salig bodskap for den fredlause syndaren, for det forkynner at synda *er* sona, gjelda *er* betalt, alle krava *er* oppfylte, og me *har fått* ut- løysing ved hans blod.

«For av nåde *er de frelseste*, ved tru, og det ikkje av dykk sjølve, det er Guds gåva, ikkje av gjerningar, so ikkje nokon skal rosa *seg*».

Guds fred får du ikkje ved å vera, eller ved å gjera. Men *ved å høyra* på fredens evangelium, ved å tru Guds vitnemål om freden han har gjeve i Jesus. Og der Jesus kjem inn i hjarta, ved trua, der vert det ogso sant for deg at «Guds fred råde i hjarta, den som de og vert kalla til i ein lekam, og ver takksame.» Får du leva der, då seier Gud til deg i ordet sitt: «Gjer dykk *inga sut*, for *nokon ting*, men lat i alle

ting dykkar ynskje koma fram for Gud, i påkalling og bøn med takkseiing, og Guds fred, som overgår alt vet, skal vara dykkar hjarto og dykkar tankar i Kristus Jesus.» Suta er årsak til mykje uro og ufred både i hjarta og i heimane, suta for vår frelse, vårt liv som kristne, suta for våre born, for leve-måten og for framtida. Då er det godt å ha ein frelsar og far å gå til, som har teke suta på seg, og som seier: «Spør

nieg om det som kjem, og lat meg syta for det verk som mine hender har gjort.»

Gjer du som songaren: «I Jesus søker jeg min fred, All verden har kun smerte, Hans vunder er mitt blivested, Der hviler seg mitt hjerte, Der kan jeg bo i stille ro, Der finnes alt det som min tro Så lengselsfullt begjærte.»

A. L.

## DEN GODE DEL. (Luk. 10, 42)

Ut frå vårt syn så er det mange ting som trengst. Jesus seier at det er *eitt* som er nødvendig. Og dette eine nødvendige er å *eige den gode del*. Ja, Skrifta seier at er dette eine i orden, så får vi alt anna attpå.

Kva er så den gode del? Det er *ikkje* å «ta imot Jesus i sitt hus», for det hadde Marta gjort. Heller *ikkje* er det å tene Jesus med alle sine evner og krefter, for det og gjorde Marta.

Den gode del er å bli tent av Jesus. Det er *ikkje* vi som er verksame, men det er *han*. Det er *ikkje* vi som yter, men han yter. Han er *vert* og vi er *gjester*. Han får tene oss med sine gaver, og vi får bare nyte. Dette er den *gode del*.

Korleis få del i dette? Høyr, du *har fått* del i det. Johs. 3, 16. Ja, men eg får *ikkje* tak i det. Kva ligg så i vegen? Det er *ikkje* din veikskap, og heller *ikkje* din fatigdom, nei, *ikkje* ein gong dine synder, som ligg i vegen. Kva er det så?

Det er din *rikdom*, din *styrke*, dine gode evner og gode sider. Og synest du å mangla *dette*, så bed du mykje til

Gud om *kraft* og *hjelp*, så du kan halda mål. Og fordi du til nå har funne ny kraft i «di eiga hand», så har ikkje Jesus fått kome til med sin *nåde* og *gave*. Det er *ikkje* di vanmakt som hindrar Jesus i å kome til med sine gaver, men det er din styrke og overflod.

Det er berre «fattig folk» Jesus får tene med sine gaver. Overfor dei rike og «gudsfryktige» står han arbeidslaus.

Bare den fortapte treng nåde. Bare den uguidelege treng ein annan si gudsfrykt. Bare den i seg sjølv urettferdige treng ein annan si rettferd. Bare den i seg sjølv døde treng eit nytt liv. Kanskje har Jesus stått gjerandslaus for di dør like til nā, fordi du an-tan har vore rik, eller har halde på å skaffa deg rikdom ved bøner, tårer og sjølvstrev?

Skal Jesus få tene oss med «sitt», så må han først få ta frå oss det *vi har*. Her kjem Guds lov inn. Ho er den tjuv som vil stele alt vårt, og får ho *ikkje det*, så kjem Jesus aldri til med sine gaver. Her ligg løyndomen til at Gud må la det mislukkast for oss i vår «gudsfrykt». Og her ligg grunnen til

at du og eg ikkje skynar Gud i hans måte å frelsa oss på. Vi prøver å få våre «papir» i orden, han riv dei sund. Vi prøver ta oss saman, han let det gå gale. Og kvifor styrer han det slik? Jo, han ville så gjerne få tene oss med det han er, og det han har gjort. Han vil løyne dine synder ved sitt blod, og kle deg i sine kler. Han vil vere din

«med hva han eier, med sin død og seier». Han vil tene deg på den måten, skynar du, at han vil stige inn i din stad og vere det du skulle vere og gjøre det du skulle gjere. Der dette skjer, seier Jesus: «Du har valt den gode del, som ikkje skal takast frå deg.»

O. B.

## Lykke og smerte

«Men er vi barn, så er vi ervingar og — Guds ervingar og Kristi medervingar, så framt vi lid med han, for at vi og skal verta herleggjorde med han.» Rom. 8, 17.

Å bli ein kristen er å bli Guds barn. Det er i fortapt stilling, utan evne til å hjelpe til sjølv at dette under kan skje som heiter etterføding. Skrifta lærer at ingen kan sjå Guds rike utan å bli fødd på ny. Dette er eit verk som himmelen er åleine om. Det er trua sitt sinn som er det nye som blir født. Det er dette sinn som tek imot Jesus, ser han, kjenner han som frelsar. Dette sinn som er født, nådelivet i oss, er lite, veikt og skjelvande. Det er til alle tider avhengig av Anden som fødte det, og nådens ord, men det lever i Jesus og Jesus lever i det.

«Er du Guds barn, så er du erving og — Guds erving og Kristi mederving.»

Ein himmel venter på alle Guds barn. Faderen og Sonens heim vert vår heim gjennom alle æver. Velsigna Jesus som gav oss rett til denne heim. Der er trua sin strid tilende. Smerte og uro svinn for evig fred.

Gudsbarnet sine kår på jord er og å

lide med han, for at vi og skal verta herleggjorde med han.

Å vandre med Jesus er å lide. Jesus ber med seg liding til alle som fylgjer han. I Luk. 16, talar Jesus om Lasarus si liding. Hans lidingssoge er truleg biletet på Gudsbarnet si liding i lag med frelsaren. I v. 25, går det fram at han hadde valt denne liding. Han ynskte det som vondt var, motsett av det den rike mann ynskte seg. Noken står i filler og sår, for Jesu skuld, utanfor rike menns dører, men dei ville gå den veg. Hans Nilsen Hauge si vandring med Jesus var og i liding. Ein Jolekveld sat han i fengsel i Trondheim. Det er der han skriv den kjende song: «Jeg er hos Gud i nåde, hva skader verden meg, om den en stund får ráde og stenger meg min vei.»

Det å vere Guds barn er såleis både lykke og smerte. Etter det nye sinn elskar du også smerta. Den du får når du vandrar med Jesus.

«Alltid salig om ei alltid glad fer eg vegen heim til Sions stad.»

Olav Aakhus.

## *Du som inga trøyst har funne*

«Du arme stormdrivne, som inga trøyst har funne! Sjå, eg legg dine steinar i blyglans og byggjer grunnmuren din med safirar, eg gjer dine murtindar av rubinar og portane av karfunkelsteinar og heile din ringmur av dyre steinar. Og alle dine born skal vera opplærde av Herren, og stor fred skal borna dine hava.» Esaias 54, 11-13.

Me er ikkje komne so langt på livet sin veg før me treng om trøyst. Det er so snart sorga bankar på vår dør. Barnet møter sine sorger, og finn trøyst hjå mor. Me seier at små born har små sorger og store born har store sorger, og det er livets lærdom at sorgene vert fleire og større med åra. Livet har møtt deg med so mange sorger, frå dei små i kvardagen, til dei store og tunge som trengsel, sjukdom og død ber med seg, og då treng du om trøyst. Silk er det og med Guds born. So lenge me er her på sorga si jord, vil me møta sorg, og treng om trøyst, difor seier Herren: «Trøysta, trøysta mitt folk.»

Her talar Herren til deg som går der arm og stormdriven, som leitar etter trøyst utan å ha funne. Kanskje det er i di frelsesak du treng trøyst, eller du har mist noken som var deg kjær? Til sine tider kan livet bli so tungt og fyllt av motgang og trengsel at du ser ikkje noko som gir livet verd. Dei flesste av oss har nok funne trøyst, for me kan ikkje lenge klara oss utan den. Men då spørst det kva slag trøyst du har funne?

Stundom samlast me til gravferd, det er ein som har forlate dette livet, og gått inn til det evige og ukjende. Slike tider må me finna trøyst. Eg har

ikkje vore med i ei einaste gravferd der dei ikkje fann trøyst og von. Til vanleg er menneske kravstore, men her har eg lagt merke til at mange er smånøgde, for det skal ikkje mykje til før det gir von og trøyst. Her er eg redd mange finn falsk trøyst, og trøystar andre med falsk trøyst. Alt som er grunna på avdødes liv, gjerning og det han eller ho var som menneske, eller på andres tru på avdøde, det held ikkje i døden og inne for den hellige Gud. For Bibelen viser at mange gode og gudfryktige menneske som søkte og tente Gud med ihuge, gjekk ufrelste og fortapte inn i æva. Rom. 10, 1-3. og Filipp. 3, 18-19. I livet som i døden er det berre Jesus som gjev von og trøyst, vissa om at avdøde medan han levde fann trøyst i Kristus er det einaste som kan gjeva oss som lever att sann og varig trøyst. Den som går inn i døden utan å ha funne Jesus og utan å kjenna Jesus, han er evig fortapt.

Du er kanskje ein av dei som har søkt trøyst i mange ting, men du har funne at dei «gav liten trøst uti ditt brøst, om de enn alle var utøst, ei heller var de sunne.» Slike ting som di omvending, ditt kristelege livssyn, eller ditt liv og din gjerning som kristen, din «innsats» og di teneste i Guds rike, eller dine opplevingar eller erfaring, det er alt gode ting, men brukta som trøyst i di frelsesak er dei fårlege. Les du i openberringa om Paulus sine «kyrkjelydar i Efesus og Laodikeia, so vil du sjå at dei hadde alle desse ting og fann rikdom og trøyst i det, og at Jesus seier dei er utanfor og lever fatige, blinde og nakne. Dei hadde funne falske trøy-

stegrunnar som hadde teke Jesus sin plass i hjarta.

Lukkeleg er du om du ikkje har funne trøyst i desse ting, for hjå Gud er dei ikkje meire verd enn skarn, og cm du fann trøyst her, so måtte han spy deg ut or sin munn.

Gud er den einaste som kan gi trøyst til deg som går der arm og stormdriven og inga trøyst har funne. «Sjå eg legg dine steinar i blyglans og byggjer grunnmuren din med safirar.» Gud har sjølv lagt og bygt grunnen for di frelsa og di trøyst, og han vil sjølv trøysta deg. Difor seier Bibelen at ingen kan leggja ein annan grunn enn den Gud *har lagt, Kristus*, og Bibelen spør : «Er det noko trøyst i Kristus.» Og Gud sjølv seier : «Trøysta, trøysta mitt folk, tala mildt til Jerusalem og ropa til henne at striden hennar *er enda*, at skulda hennar *er betalt*, at ho har fått av Herens hand tvifelt *for alle* sine synder. Es. 40, 1-2. «For om fjella vik og haugane vert rikka, so skal ikkje nåden min vika *frå deg*, og mi fredspakt skal ikkje verta rikka, seier Herren, han som miskunnar deg.» Es. 54,10.

I evangeliet om Jesus har Gud gjeve deg og alle andre syndarar trøyst; for Bibelen seier at evangeliet er *«for alle, og over alle som trur.»*

«Gud syner oss sin kjærleik med di at Kristus døydde *for oss* mens me endå var syndarar — For so sant me, då me var Guds fiendar, vart forlikte med han ved døden åt Son hans, so skal me no som *me er forlikte*, so mykje meir verta frelse ved hans liv.» Rom. 5, 8-10. Sidan me veit dette at vårt gamle menneske vart krossfest med han avdi synde-lekamen skulle verta til inkjes. Rom. 6, 5-11. «Soleis, mine brør, døydde de og frå lova ved Kristit le-

kam, av di de skulle høyra ein annan til — han som sto opp frå dei døde » Rom. 7, 4.

«Eg er krossfest med Kristus, eg lever ikkje sjølv meir, men Kristus lever i meg, og det livet eg no lever i kjøtet, det lever eg i trua på Guds Son, som elskar meg og gav seg sjølv for meg.» Galat. 2, 20. Ja, «han vart såra *for dine* brot og sundbroten *for* dine synder, straffa låg på han, so du skulle få fred, ved hans sår har du fått lekje-dom.»

Dette var ein liten prøve på Guds trøyst til syndaren, liten avdi der er so mykje meir. Og der dette er henta ifrå, finn du all den Guds trøyst du treng i alle høve i livet og i døden.

«Og alle dine born skal vera opplærde av Herren, og stor fred skal borna dne ha.» Kanskje det er her du har møtt sorg og treng trøyst, anten det gjeld dine eigne born eller Gud sine born. Det er ikkje lett for den som må sjå borna glida bort frå Gud og inn under synda og djevelen si makt, og aller verst er det når me lyt sjå at me var så därlege til å visa dei vegen til Jesus. Det er tungt å vera ein mislukka far, mor eller hyrde og leidar.

Ogso her har Gud trøyst til den arme og stormdrivne. Då eg låg der og gret som ein mislukka far og som prest i mitt hus, då møtte Gud meg med eit ord : «Usæl den som seier til far sin : Kvifor avlar du? og til kvinna : Kvifor føder du? So seier Herren, Israels Heilage og skapar : Spør meg om det som kjem! Lat meg syta for mine born og det verk mine hender har gjort.» Es. 45, 10—11. Det står og : «Tru på Jesus, so skal du bli frelst, *du og ditt hus.*» Ap. gj. 16, 31. Det er trøyst og kvile for den mislukka far og mor å få overlata

sine til Gud, han, den einaste som vil og kan frelsa. Og den som trur, og reknar med Gud, kan få kvila i at *i trua so er dei frelse*, og tida og måten det skal gå til på, ligg i Guds hand. Det står so ofte i Bibelen : «Bia på Herren».

Slik er det også for deg som kanskje er sett til forkynnar, hyrde eller tilsynsmann for Guds barneflokk, du skal få lata Herren syta for sine barn og for sin gjerning. Det blir altfor tungt å bera for deg, du får vera tru i tenesta for evangeliet der du er sett, so vil Herren gi vekst.

«Lova vere Gud og vår Herre Jesu Kristi Far, miskunns Far og all trøysts Gud, han som trøystar oss i *all vår trengsla*, so me kan trøysta dei som er i allslags tengsla, med den tøyst som me sjølve vert trøysta med av Gud !» II. Kor. 1, 3—4. Her ser du at det er det same kva liding og trengsel du lever i ,so kan du få trøyst hjå Gud, for han trøystar i *allslags trengsel*.

Kanskje du har møtt liding og trengsel for evangeliet og Jesu namn skuld, og du synest kanskje det er rikeleg. Då står det at «liksom Kristi lidingar kjem

rikeleg over oss, so er og vår trøyst rikeleg ved Kristus.»

«Ver uredd ! Eg har løyst deg ut, ropa deg på namn, du er min — For di du er dyr for meg, er mykje verd, og eg elskar deg, difor gjev eg menneske bort for deg og folkeslag for ditt liv. Ver uredd ! Eg er med deg.» Esaias 43, 1—5.

Kanskje det er fortida di som er årsak til sorga di, eller frykta for framtida di og tenesta di. Alt får du overlata i Herrens hand, han som seier : «Tenk ikkje på det som før har vore, akta ikkje på det som framfare er ! Sjå eg gjer noko nytt, no skal det renna opp de skal nok få sjå det ! Ja, eg vil gjera veg i heida, elvar i øydemarka.» Vers 18—19.

Guds folk som har funne si trøyst i Kristus, og i han åleine, om dei seier Gud : «Og ditt folk - dei er alle rettferdige, æveleg skal dei eiga landet, dei er ein renning som eg har planta, eit verk av mine hender til mi æra.» Es. 60, 21—22.

A. L.

## BLADET

Det har vore snakka mann og mann i mellom at me burde få oss eit blad i Norsk Luth. Lekmannsmisjon. Styret tok tanken opp og på årsmøtet i sommar fekk styret fullmakt til å setja tanken i verk. Dette viste seg vanskeleg å få til, særleg med redaktør.

Her kjem me då endeleg med eit prøvenummer, som styret nærmast står for, med Amund Lid, Norheimsund, som ansvarleg. Namnet har me sett til *Lekmannsmisjonen*, me har ikkje fått

noko betre framlegg. Men i dette namnet skulle no vera både ansigt og program. Me har anstrengt oss for å få dette nr. ut til jul. Men tida blir nok knapp, så kan henda når det ikkje alle i tide. Då det heller ikkje blei tid å få alle formalitetane i orden, sender me dette som trykksak.

Styret vil med dette heisa alle venene våre og lesarane ei signa jul og eit godt nyttår, i Jesu namn.

For styret *Olav A. Dahl*.